



Ole Arvid Låstad
Tresvikvegen 52
5953 FONNES


Dykkar ref.:

Vår ref.:
22/644 - 5 / ANT

Dato:
03.06.2022

Førebels svar på dykkar delingssøknad på gbnr. 131/39 - Fønnes


Austrheim kommune takkar for dykkar delingssøknad og vonar at denne kan koma på plass. Me vil visa til krav om avkøyring/tilkomst til nye hus/bygg i dette området med 50 km/t er følgjande:



Me ber om at de i dykkar delingssøknad teiknar/prosjekterer inn avkøyring og tilkomst til nytt bustadhus som stettar desse krava over. Det betyr at 4 meter inne på bustadtomten må frisikta vera minst 45 meter i begge retningar, som vist i skisse over. Utkøyringa må og vera relativt flat slik at bil ikkje glir ut i hovudveg (glatt føre), vatn/snø må heller ikkje fara ut i denne frå ny tilkomstveg. Det er vegnormalen som krev at dette må verta gjort slik. Stiging til huset frå vegen må heller ikkje vera brattare enn 1:8. Avkøyringa må og vera brei nok for større bilar som skal opp og ned til bustadhuset. Me ber om at tilkomst veg vert prosjektert og vist i delingssøknaden. Om det er naudsynt å få tilkomst over andre grunneigarar må dette vera signerte avtalar, eller tinglyste. De må i situasjonsplanen og visa omtrentleg plassering av nytt bustadhus og vegframføring og parkeringsplass/garasje ved dette huset.



Vegen opp til løa i nord har til orientering ikkje godkjent frisikt. For å få på plass frisikt på eigen tomt/grunn må det truleg sprengast ein del. Kart under viser området som delingssøknaden er i.



Saka er drøfta med vegansvarleg for kommunevegane i Austrheim kommune. Søknad vert handsama så fort dette me ber om vert levert Austrheim kommune. Me vonar at dette let seg løysa på ein fagleg god måte. Avløp må truleg knytast til private eksisterande avløpsleidning i området som går langt nok ut i sjø. Det kan vera lurt å få dette avklart og vist i søknad om deling, også avtalar om dette bør vera på plass. Alternativet kan vera minireinseanlegg, men slamavskiljar vert anbefalt om det er mogeleg. Ring gjerne om det er spørsmål i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Ole Arvid Låstad, Åse	Tresvikvegen 52	5953	FONNES
Tresvik Låstad			
Åse Tresvik Låstad	Tresvikvegen 52	5953	FONNES

